

**Januar 2017**


---

## 1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	114 541	114 882	-341
ISF egne pasientar	3 438	3 402	36
Andre øyremarka tilskot	1 807	1 791	16
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>119 786</b>	<b>120 074</b>	<b>-289</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	8 286	6 794	1 493
Kjøp av private helsetenester	1 000	932	68
Varekjøp	-87	0	-87
Avskrivningar	6 011	6 083	-72
Andre driftskostnader	10	391	-381
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>15 221</b>	<b>14 367</b>	<b>854</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>104 564</b>	<b>105 707</b>	<b>-1 143</b>
Finansinntekter	-	117	-117
Finanskostnader	101	421	-320
<b>Finansresultat</b>	<b>-101</b>	<b>-305</b>	<b>204</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>104 463</b>	<b>105 403</b>	<b>-939</b>

### Inntekter

Basisinntektene er lågare i januar som følgje av ei feilføring mellom ansvarsnummer. Resultatet er eit negativt budsjettavvik på budsjetteknisk område, men påverker ikkje resultatet for Helse Førde samla.

### Kostnader

Kostnader til kjøp av offentlege helsetenester inneheld både gjestepasientkjøp, som ein del av ISF, og kjøp utanfor ISF-ordninga. Avsetjinga er gjort utan at vi har hatt all den informasjonen vi vanlegvis har ved ein månadsavslutning. Vi har difor valt å føre vidare trenden vi såg siste månadene av 2016. Det er mogeleg at avsetjinga er for høg.

## 2.0 Stab og støtte


### ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	10 265	10 265	0
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"		37	-37
Andre øyremerka tilskot	48	187	-139
Andre driftsinntekter	6 659	7 299	-640
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>16 972</b>	<b>17 789</b>	<b>-817</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	9	77	-68
Kjøp av private helsetenester		3	-3
Varekostnader	1 691	1 634	56
Løn til fast tilsette	15 638	16 059	-421
Overtid og ekstrahjelp	315	262	53
Pensjonskostnad	3 879	3 879	0
Offentlege tilskot og refusjonar	-391	-459	68
Anna løn	2 428	2 466	-38
Andre driftskostnader	32 281	32 523	-242
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>55 850</b>	<b>56 445</b>	<b>-596</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-38 877</b>	<b>-38 656</b>	<b>-221</b>

Stab og støtte har eit negativt avvik frå budsjett på 220 000 denne månaden. Inntektene er 800 000 lågare enn budsjett, medan kostnadene er 600 000 lågare enn budsjett. Personalkostnader er 340 000 lågare enn budsjett, medan pasienttransport hadde 420 000 i negativt avvik denne månaden. Kostnader til IKT er kostnadsført som budsjett.


### PERSONELL

#### Medarbeidarar:



Det er i registrert 366 brutto månadsverk, som er ni fleire enn same periode i 2016. Netto månadsverk er 340, som er tolv fleire enn for eitt år sidan. Bemanningssenteret kom i drift frå 1. september, og i tala som er synt fram her utgjer tilsette i bemanningssenteret sju brutto og sju netto månadsverk.

## Sjukefråvær:



Stab og støtte har hatt eit registrert sjukefråvær på 6,3 prosent i desember, mot 7,7 prosent i same måned i 2015. Vi har over tid hatt stort fokus på det viktige i systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.